
Saksnr: 2021/6002-6
Saksbehandlar: Silje Balgaard Lyngstad

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		26.03.2021

Søknad frå Kreftforeininga - Søknad om støtte til krafttak mot kreft

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet løyver kr. 100 000 frå fylkesutvalet sin rådeveldekonto til søknad om støtte til krafttak mot kreft 2021 frå Kreftforeininga.

Samandrag

Kreftforeininga har i brev av 15. februar 2021 søkt om støtte til deira årlege innsamlingsaksjon: Krafttak mot kreft 2021. Det er vanleg praksis å løyve midlar til slike søknader. Fylkesrådmann rår til at fylkesutvalet løyver kr. 100 000 til Kreftforeininga.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør for organisasjon og
økonomi

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kreftforeininga har i brev av 15. februar 2021 søkt om støtte til deira årlege innsamlingsaksjon: Krafttak mot kreft 2021. Det er vanleg praksis å løyve midlar til slike søknader. Det er ikkje bede om ein konkret sum, men fylkesrådmann vil rå til at fylkesutvalet løyver kr. 100 000 til Kreftforeininga.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet - delegeringsreglementet punkt 2.1.7.

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Det vert løyva midlar frå fylkesutvalet sin rådevelekonto.

Klima:

Ikkje relevant.

Folkehelse:

Ei økonomisk støtte vil vere med å bidra til forskning på kreft og livreddande behandling.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Ikkje relevant.

Konklusjon

Fylkesutvalet løyver kr. 100 000 frå fylkesutvalet sin rådeveldekonto til søknad om støtte til krafttak mot kreft 2021 frå Kreftforeininga.